



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD 30.05.2024 kl. 15.30 - i møterom på kyrkjekontoret.

Til stades: Leif Ole Terøy, Aud Grimstad, Magnhild Meltveit Kleppa, Olav Frantzen, Liv Laugaland, Sigrunn Hagen Arnesen, Margunn Helgøy, Asbjørg K. Hetlesæter og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Ingen

Møtande varamedlemmar: Ingen

SAK 00/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Olav Frantzen fremma forslag om å ta opp ei tilleggsak;
Sak 22/24: Inndekning av meirforbruk 2024. Det var ingen innvendingar til det.

Vedtak: Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste med tilleggsak 22/24.

SAK 00/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 14.03.2024

Magnhild M. Kleppa føreslo å ta ut av protokollen setninga om at ingen kunne møta på kommunestyremøtet i april.

Vedtak: Fellesrådet godkjenner møteprotokoll med endringa føreslått av Magnhild M. Kleppa.

SAK 14/24 ORIENTERINGAR

- **Notat frå kommunemøte i april.**
Kommunen vil at vi skal auke festeavgifta. Den bør være lik dei nærliggjande kommunane. Det finnest ikkje ein skriftleg signert avtale om gravplassarbeidet mellom kommune og kyrkje. Kommunen er einig i at Hjelmeland fellesråd skal fortsette å være gravplassmyndigheit og ha oppgåva med det administrative arbeidet. Fellesrådet skal behalde inntekta frå festeavgifta som kompensasjon for dette arbeidet.
Kommunen vil i framtida at fellesrådet skal lage eit drifts- og investeringsrekneskap og budsjett som dei skal få.
Fellesrådet legg fram ei sak for revidering av tenesteytingsavtalen frå 2017, sjå vedlegg.
- **Utbetringsarbeid på kyrkjene**
Årdal nye kyrkje: Jørmeland har satt på beslag på spiret som har falt av og tetta gluggane der det har vore lekkasje. Lagt på ny skifter der det har mangla.
Det gjenstår nå å sjekke og tette der det er lekkasje på taket.
Oppgradering av varmestyringa i Fister kyrkje er planlagt i juni.

- **Jubileum**
900 års jubileum for Stavanger bispedømme Ryfylke prosti har satt av 29. mai til 01. juni til ein festhelg. Det kjem meir info om dette frå prosten til sokneprest som vil informere dykk når dette er klart.
- **Kyrkjelydspedagog** Tonje Flatø Nessa søker vidare om eit år med permisjon i 40%.

Vedtak: Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 15/24 REVIDERT UTGÅVE AV AVTALE OM TENESTEYTING

Olav Frantzen la fram forslag til endringar av gjeldande avtale. Dette går både på formalitetar som t.d. tilvisingar til gjeldande lovverk, forskrifter og kyrkjeordninga, og nokre endringar i avtaleteksten.

Leif Ole Terøy føreslo endring i punkt 4.1. og punkt 6.9.

Fellesrådet hadde ikkje innvendingar til desse endringane, og gjorde følgjande

Vedtak:

1. Kyrkjeverja reinskriver ny avtaletekst og sender ut til medlemene i fellesrådet for ev. merknader før teksten vert oversendt kommunen for politisk eller administrativ behandling.
2. Dersom kommunen har avvikande forslag, vert dette tatt opp i drøftingar mellom kommuneleiinga og kyrkja v/ kyrkjeverja og leiar i fellesrådet.
3. Avtalen skal signerast av leiar i fellesrådet og ordførar.

SAK 16/24 GODKJENNING AV DRIFTSREKNESKAP OG INVESTERINGSREKNESKAP 2023

I møtet:

Revisor har ikkje klart å ferdigstille revisjon av rekneskapen til 30.05. Dette er beklageleg, for fristen for fellesrådet for å godkjenne rekneskapen er etter Økonomiforskrifta §17, den 20 mars, og revisor skal leggja fram revisjonsberetning innan 30. april. Absolutt siste frist for å vedta rekneskapen er 1. juli. Fellesrådet har ikkje møte før denne datoen, og Magnhild M. Kleppa føreslo difor å gje arbeidsutvalet fullmakt til å vedta rekneskapen for 2023 etter at revisor er ferdig med revisjonen.

Vedtak:

1. Fellesrådet gir arbeidsutvalet fullmakt til å godkjenne rekneskapen for 2023 når innstilling frå revisor er klar.

SAK 17/24 DRIFTSBUDSJETT 2024

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner driftsbudsjettet slik det ligg føre.

SAK 18/24 ÅRDAL GAMLE KYRKJE

I møtet:

Det er Årdal sokn som eig Årdal gamle kyrkje, og det må takast opp i soknerådet dersom det skulle vere aktuelt å avhende kyrkja til Fortidsminneforeninga.

Årdal gamle kyrkje er freda etter lov om kulturminne. Kyrkjeordninga §20 slår fast at kyrkjer ikkje kan seljast, pantsetjast eller på heftast bruksrettar så lenge det er eit vigsla kyrkjebygg. Så lenge Årdal gamle kyrkje er ei vigsla kyrkje, er ein diskusjon om sal av kyrkja ikkje aktuell. Restaureringsarbeidet dei to siste åra viser at det er svært kostbart å halda ved like eit 400 år gammalt kyrkjebygg. Det vil kanskje vera fruktbart å ha samtalar med kommunen om framtidig vedlikehald, finansiering, ansvar, nye inntekter etc.

Vedtak:

Årdal sokneråd vert oppmoda om å drøfta desse problemstillingane. Deretter kan det vera aktuelt å gå i dialog med kommuneleiinga.

SAK 19/24 FESTEAVGIFT

I møtet:

Fellesrådet drøfta utspelet frå kommuneleiinga om å auke festeavgifta til kr. 250 pr år. Fellesrådet meiner at ein slik auke er altfor stor (ca. 47 %), men kan vera samd i at festeavgifta kan aukast noko frå 2025. Sist justering var i 2021.

Vedtak:

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd tilrår å auke festeavgifta til kr. 200,- pr. år frå 2025. Festeavgifta kan deretter justerast aukes kvart 5. år i samsvar med konsumprisindeksen (KPI) og deretter avrunda til næraste 10- kroning.

SAK 20/24 INNSPEL TIL HJELMELAND KOMMUNE SITT BUDSJETT 2025

I møtet:

Dei tiltaka som hastar mest nå, er følgjande:
Nytt varmeanlegg i Årdal kyrkje
Rehabilitering av tårntaket på Hjelmeland kyrkje
Heving av rekkverk på galleriet i Fister kyrkje

Vedtak: Innspel blir vurdert når investeringsbudsjett skal leverast til kommunen til hausten.

SAK 22/24 INNDEKNING AV MEIRFORBRUK 2023

I møtet:

Olav Frantzen la fram følgjande tilleggssak om inndekning av meirforbruk i 2023.

Framlagt rekneskap for 2023 viser eit mindreforbruk (overskot) på kr. 242 349. Dette er ikkje eit reelt overskot, men blir slik fordi det alt er bokført beløp på konto 19500

(kr. – 1058265,-), konto 15400 (kr. 248584,-), og konto 15800 (kr. – 248033,-) .

For å få fram det reelle driftsresultatet, må me sjå bort frå desse føringane. Då vil resultatet bli eit meirforbruk (underskot) på kr. 815 415,-

Det er fellesrådet som skal gjera vedtak om disponering av overskot, eller inndecking av underskot i ei eiga sak etter at rekneskapen er vedteken. Fristen for dette var 20. mars, men av ulike grunnar har ikkje fellesrådet vedteke rekneskapen før i dette møtet, og då med atterhald om revisors godkjenning.

Det er likevel rett å vedta inndecking av underskotet nå, og heller gje fullmakt til kyrkjeverja om å justera talet etter at revisor er ferdig med sin gjennomgang. Siste frist for dette er 30. juni.

Framlegg til vedtak:

1. Meirforbruket på kr. 815 415 vert dekkast inn slik:
 - a. Frå disposisjonsfond vedlikehald kr. 500 000,-
 - b. Frå disposisjonsfond drift kr. 315 415,-
2. Kyrkjeverja får fullmakt til å justera uttaket frå disposisjonsfond drift dersom revisjonen avdekkar feil som fører til at underskotet vert justert, og bokføra dette i rekneskapen for 2023.
3. Revisjonsberetning og fullstendig rekneskap for 2023 (resultat- og balanserekneskap) vert sendt ut til medlemene i fellesrådet til orientering så snart det er ferdig.

På grunn av vedtaket i sak 16/24, vil det vera naturleg at arbeidsutvalet også vedtek korleis meirforbruket skal dekkast inn. Forslagsstillar bad difor om at saka vert oversendt arbeidsutvalet for vidare handsaming, og fellesrådet gjorde etter dette slikt

Vedtak:

Fellesrådet gir arbeidsutvalet fullmakt til å gjere vedtak om disponering av årsresultat når innstilling frå revisor er klar.

SAK 21/24 YMSE

1. Gravminneplan, jf. sak 12/24.
Oppfølging av gravminneplanen blir sak på møtet i september